

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål. 1 - - 51

Herad: Tolga

Emne: Helsing, faktar og
åtfærd.

Bygdelag: Vingeln.

Oppskr. av: Eysten Eggen

Gard: ingen.

(adresse): Vingelen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Vanleg er det brukeleg med berre ja eller nei utan appell, men det kan vera individuelt og etter som svara formar seg. Ofte gjev kroppsrørslene utslag for måten å svara på. Eit nikk med hovudet kan ofte vera jamgøtt med uttalen ja. Ein kan og bruka lyden um-um som ja-ord. Dei gamle sa ofte k o r s ja eller jöss, ja for å markere ein lovnad, men så djupt gjekk han ikkje. Nei - svaret har alltid vore meir negativt. Det vart rista på hovudet, skaka på okslene, eller dei skuvde frå seg med hendene når spørsmålet vart avgjort med nei. Ofte var det vondt å svara nei når det gjaldt böner om hjelp eller berging for andre, og det vart sagt om godslege og hjelpesame folk at dei aldri kunne svare nei til nokon.

2 Det har visst aldri vore skikk å helsa på heilt framandt folk. Den farande måtte som regel helsa først, og da fekk han svar. Folk var som regel varsame i så måte, eller dei tenkte at eg har ikkje noko ubytt med den framande, og om dei helsa og ikkje fekk svar, vart dei såra av det.

3. Eldre folk vart som regel helst på først, ovanfor kvinnær viste ein hövisk framferd ved å helsa når dei ikkje var framande. Det var fast skikk å innleia samtalen med eit høveleg helsingsord.

4) Helsingsordet har vore " gumorn " " gudan " " guefta " " gukveld " og " gunatt " og svara dei same. Mennene har aldri brukt å ta av seg hovudplagga når dei møtte kjentfolk i bygdene. Eit nikk, ein smil eller handa opp til hatten eller huva har vore nok. Det råkar og at mange går framom kvarandre utan helsingsord. Dei brukar da berre vanlege uttrykk som "ke de står te " eller " keles har du de ".

5) Presten, lensmannen eller eller andre høgreståande folk, vart helst på med stor vrydnad. Mennene tok av seg hatten eller huva og bukka, kvinnene neigde eller böygde seg, og helsingsorda fekk ein meir vrydeleg svip. ta av seg huva for folk som ein var dagleg

1 omgang med, har aldri vore brukelag. Slikt vart mest rekna for gap eller ap og sag narvore ut. Ein skulle mest mogelag halda seg i det vanlege kvar- dagsege omgangsformene og berre helsa med ord eller nik.

6. Det har vistnok ikkje vore nokon skilnad pa korleis ein heldt hovudplaget. Det var vanleg a ta hatten av for presten nar denne kom fram over kyrkjevangen, og nar presten baud seg til a helsa med handa, gjekk mennene fram og handtokst med han. Det brukte da a seia "velkømen" at kjerken, prest, "Likens gjekk det for seg nar skrivaren eller tuten kom til tings, men folk brukte da a "knota" eller det freista a tala stilt bokmal, ikkje berre for ap, men for at embets- mannen skulle sleppa a spørre opp att. Nar ein gjekk inn til embetsmannen, mätte ein ta huva el- eller hatten av utanfor døra. ei som ikkje det gjorde, kunne ta ei mindre god motaking.

7. Nar folk møttes i sin beste stas til lag a (bryllup eller gravøl), helssa det meir vnr- deleleg enn elles. Det var kanskje ikkje berre kle- da, men høvet og høgtida ved slike samkomer som kravde ei sers fin framder a. Under arbeid og i vanleg kvar dagsbunad, var all tilskaping med helsting sett utanom. Ein kunne da gje uttrykk for venn- skap ved a vinka fra arbeidsplassen eller ropa eit godt ord helst med skjemt i, men var det ein knute pa traden mellom granar eller kjenningar her, syn- te det ikkje fram noko teikn. Det fekk vera til det vart forlikte att.

8) Handhelsting vart mykje meir brukt gamalt enn i vare dagar. Eit godt og traust handslag op- na som hjartedøra, og under handel eller forreiting, forlik eller lovnad, var handtaket et forsegling. Eg minnest fra min eigen barndom at nar trender eller kjenningar kom pa vitjing, helsa det med handa pa alle i huset fra gamletolka til barnet i voga, og nar det fekk traktering, gjekk det etter pa omgang, og takka med neven, Likens nar det gjekk att. Det skulle vera klem i handtaka, og nar gamalt folk kom med handa, fylgde eg denne parolen og kleip til av alle krefter, og det var gilt for det som takka. Handhelsting blir enno brukt nar ein kjem til lag eller nar ein møter gamle kjenn- ingar helst fra andre bygder ved kyrkja eller pa stemmer. Ein helsar no aldri med handa pa folk i dagleg omgang.

9. Aja, det rakar at gode vener i glad stem- ning gjel kvarandre ein klapp, helst mann mot mann. Dette kjeretelknet blir ikkje brukt mann mot kvinne - det høver som ikkje. Klappen pa aksla kan og brukast for a innprenta det ein tenkjer og meiner. Eg minnest mange eldre folk som ofte ver- ka litt nergaande ved utansetleg a klappa eller prikka fram det som det hadde a seia. Det var vel ein gamal vare, men ein vart som litt let av a bli tiltalt pa den maten, serleg nar klapparen kom med ord som ikkje fall smakeleg.

10. Dette er kanskje ein gamal skikk som har vore brukt heilt fra katolsk tid og helst under pill - grimsterdene. Bestemor folda hendene nar ho

höyrde kyrkjeklokkene , og presten tok av seg hatten når han kom kjörande og vart mött med kiming frå tårnet . Litt av dette heng vel og att millom ålmugen, t. d. når gravferda kjem til kyrkja. Da tek alle hovudplagga av så snart klokka högg i . (I Vingelen blir det alltid ringt under gravferd).

11 . Det er som regel slik at folk helst undgår å møte grav- eller bryllupsferder . Dei veit når desse ferdene kjem , og det blir da sagt : " Ei mötte gravfærn og mått ha mig tu veia. " Likevel kan ein ~~ikkje~~ alltid koma seg unna, men ein stig da tilside, gjev heile vegen fri og helsar med vyrdnad . Det fans gamle kvinner som slo kross for seg når dei mötte gravferder .

12 . Nei.

13 . Helsingsorda gumorn , gudag , guefta , gukveld og gunatt , vart avmåta etter måltidene eller för åbiten , för dugurden , nonsleite og för kveldsvord . Gunatt var mindre brukt . Dei sa helst sov godt eller " go somn. x"

14 . I vår tid er det ikkje så avmelt med helsinga etter dagsöktene . Dei fleste seier nok ennå gudag og gukveld , men storparten finn det mest lett vint med gumorn eller berre " morn. " Det råkar at den som seier berre " morn" blir mött med gudag eller gukveld, og ein skulle helst halda på dei gamle formene her ,

Til avskilshelsing blir det enno brukt " låvå så væl" . Det gamle " ståbra på deg" , er ute av bruk , og mange har teke det franske adjö , som er lett vint, men heilt uforståeleg.

16 . Ein kan ofte höyre at den eine seier gumorn og den andre svarar med gudag eller gukveld, men ingen finn det usömeleg eller tek seg til å retta på det .

17 . Det har vor sagt " segne ærbe " segne kvila " " segne maten " " segne streve " ~~sz~~ segne lage " segne fæla " segne bâne . " Ein seier dette ennö , da denne helsinga fell så lett frå munnen og har ei sers vakker form .
x " Kjære velsegne dig , bån , " brukte bestemor å seia , når me hadde gjort noko gale .

18 . Barna gjekk alltid omkring å handtakka for mat eller gåver . Gjevaren brukte å seia " Gu segn dig " eller " slit de me helsen. " " Segn-gu eller " singu " var og tilsvar på helsing eller takk .

19 . Jau , det er vanleg skikk å helsa med handa på verten ute på tunet . Inne i stua tek ein oppatt helsinga over hovud til alle utan å taka i handa , slik som bruken var för.

20 . Den som ville tala i einrom med husbonden, bruker å seia : " kan ei få tålä litt me a sjöl . "

21 . Gamalt var det berre farande eller framande folk som banka på döra . No er denne skikken vor

22 • Det som inne er seter kom inn eller berre kom. Det seter og på skjemt : hopp over • Framandfolk helsar og blir stående ved døra, men grannar og kjenningar går ofte fram i stua og finn seg sete på eiga hand. Det tek heller ikkje av seg hovudplagg utan det er framandfolk i stua som syner godt føredøme •

23 • Framandfolk tek alltid av seg hatt eller huve og yterplagg • Det ventar ved døra til det inne tek plagg og byd fram høvleeg sete •

24 • "Du må fill ga fra dørn" "Du må set dig nepå" eller "Sjå at du fe sette" "No seter det "versågo" og byd fram sete • Det blir også sagt med skjemt : "kan du sönge, fe du sette" 25-26. Grannar og kjenningar er det ikkje så nöyge med "velkønnen att" eller "de e lenge sja nö svarar "velkønnen att" eller "de e lenge sja nö Farande folk som fant og skreppekarar, vart det og gjort lite umak for • Om betlarar heitte det : De e bere å sta atme bola å gje ell å sta att me dörn å be" Det var elles både spenning og stas, særleg for borna, nar skreppening og stas, særleg ikkje vist særleg stor vyrdnad som gjest • Barn vart helst mött med et lita matugge • Det sette seg stilt ned og at og takka pent i handa • Gjeve skyldfolk fra andre bygder eller utgrender, brukte å koma, brukte å koma med hestkys og hadde med seg mest heile huslyden, nar det hadde sers ærend til kyrkje eller andre samkomer. Det vart mött med hjarteleg framferd og måtte tilbords fleire gonger. Til avskil sa det : "De må sja om oss att nar de fell slik" og svaret var "tak for de" •

27 • Her gjekk det vel helst etter stand og rang. Ein svara på same måten som den komande helste på, anten han sa gu dag eller gu kveld, og bar den frammand fram ett ynskje om t. d. go jul, godt nyar eller "hugsam heil", var svaret "i lill ke måte" eller berre takk •

28 • Finare folk eller framande gjester, vart mött med varsemnd og vurdnad • Var det ventande eller hadde varsla koma si på forhand, kunne det inne vera godt föröbudd med flidd og rein stue og framferd fint matstall • Da var bordet dukka og det beste spisestellet sett fram • I ett meir utenkt höve, måtte ein utan attor mykje brak og oppstyr sett stua i stand • Kvinnene hjelptest at med å römma og smette inn det finaste det hadde av innbu og dekkyt. Samstundes freista husbonden eller sönene å underhalda gjesten med godt prat, så denne ikkje skulle merke det som kvinnene dreiv med. No nar folk ei finstue som alltid står fjelga og budd til å motta sers vurdlege gjester •

29. Innbedne gjester vart helsa med "velkønnen heil" og teken i hand. Gjesten svara takk •

30 • Det gamle sa "stäbra på dö" el-xler "läva så vel" nar det gjekk att, og husfolket

svara : takk , "du fe sjå om oss att."

31 . Det vart sagt : Lökke på resa " eller " gu segne føla di ." Den farande rakte fram handa og takka for seg . Under avskil for lange ferder t. d. til Amerika, møtte frender og gran- nar fram til eit avskilslag , og husfaren les ei lita tekst og ~~tekst~~ sa nokre få ord etter som han var i stand til det , men mange fann som oftast ikkje ord for kjenslene sine . Likeins var det og ved ei døds- seng . Dei tok avskil med handslag , takk og tårer. Eldre folk som reiste til Amerika , måtte ofte berast ut , og trøsteorda verka korkjæ til eller frå . Det var avskil for livet .

32 - 40 . Dette er eit vanskeleg emne . Kyssing eller sers intime kjærteikn millom vaksne, har som ikkje hövd her i dalen. Slikt gjekk for seg helst i dulsmål eller höyrde den vanlege erotikken til mil- lom to som elska kvarandre. Når ein döl ser på by- folk eller andre som tek avskil eller møtes att med kyss , fell det som ikkje inn i vanen hans. Det har nok heller ikkje vore brukeleg å kyssa på handa. Under stor glede eller sorg , kan ein sjå kvinner om- femna kvarandre , men mann mot mann ser ein det aldri . Heller ikkje er det synleg millom ektefolk . Små barn vart kyst både av foreldra og andre . Eg minnest ein gamal mann som dreiv det med å kyssa alle småbarna han tok i fang . I vår tid er det uhygienisk med den slags kjærteikn, og det er berre foreldra eller søskena som tek seg til det. Dette med å byte nase er enno brukt , men for det meste innanfor den einskilde huslyden .

41 . Ein brukar å innbilla barna at nasen eller andre kropsdeler blir borte når ein tek dei i kly- k på. Eg minnest ei gamal kone som brukte å stikke tommeltotten millom peike - og langfingeren og sa ho hadde funne ein liten stubb (kjønnsorganet på gutten) . Det var og ein måte å leika på.

42- 43. Å leggja " gokjåkå " er ei form for kjærteikn som helst barn og vaksne eller jenter seg i millom driv med. Ein kan og sjå det som skjemt millom gut og jente .

44) Nemninga " te lökke " har vore og er mykje brukt . Ein seier te lökke med truloving , giftarmål, årsmålsdag , barnefødsler , konfirmasjon " te lökke me ~~x~~ måga " (svigersonen) , " te lökke me sönå-konån " (svigerdottera) , " te lökke me årstiom " jakt , fiske , reise m. m .

45 . Gledelig eller go jul , godt nyår , go eller fegin handel , barnefødsler , truloving , gift ar mål, der nemninga gratulerer ofte blir brukt no.

46 . Det framande ~~oder~~ ordet kondolerer er no mykje brukt . Ein seier og deltar eller deltek .

47 . Takk.

48 . Den mannen som " stårfor me bolom " (kjögemeister) brukar å seia nokre ord under mål- tidet för gravferda på husets og den avdödes veg- ne , men han tolkar ingen takk. Etterpå gravferda byd den samme mannen tilbordsatt og bed gjestene forsyne seg . Nokon takk frå huset eller den avdöde kjenner ein ikkje til, men det råkar vel at ein og annan

ordfor mann blir bedt om å gjera det. Difor er det ingen fast skikk med "å takka ut." Skjera ansikt eller hjelpa har vore vanleg form for vanvrdnad. Ein kan og herma etter ymse skavankear, anten i tale, gang eller framferd. Det er ok noko som heiter å fryse ein mindvelsett mann vekk fra godt lag eller undlata å hjelpa han i eit knipetak. Dette har me synlege prov for etter den siste verdskriften.

50. "Du" er den vanlege tiltaleforma i all dagleg omgang innanfor og millom bygdene. Ein seier og "Du" til framandfolk av like stand, men i skriftleg form "De." Det gamle sa "De" til presten og andre hogre personar eller det sa "presten" skrivarn "og "futen" utan å nftta personleg promomen. "De" eller "Di"-forma fell som ikkje inn i bygdemålet. I Roros og Doga seier det "Dok" til storfolk, men den forma er heller ikkje bruk i Vinsele. Det kjem vel av at berre det tri nemte embedsmennene har hatt omgang med bygedefolket, og embedsnamnet er vorten bruk. Ein sa og berre "disektorn", "hyttskrivarn" ordforarn "og klokkarn."

50. Net.